



Romarheim Entreprenør As
Alvervegen 25
5911 ALVERSUND

Referansar:
Dykkar:
Vår: 23/241 - 23/2890

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
12.01.2023

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 202/178 Hjelmås

Tiltak: parkeringsplass
Byggjestad: Gbnr: 202/178
Tiltakshavar: Osterfjorden Sokn
Ansvarleg sækjar: Romarheim Entreprenør As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 06.01.2023.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Delar av parkering er regulert til parkering ved Apalen kapell i Reguleringsplan for Helleåsen bustadområde og delar krev dispensasjon frå plankrav då det ligg i uregulert område. Søknad om dispensasjon eller evt. søknad om fritak frå krav om reguleringsplan må grunngjevast. I reguleringsplanen står det følgjande krav til parkering:

§ 2.2.3 Parkeringsplass Apalen kapell

Området er avsett til parkeringsplass for Apalen kapell.

Det skal lagast situasjonsplan/detaljplan for området som viser oppstillingsplassar og avkjørsel.

Avkjørsel skal ivareta gode siktforhold.

Før plassen kan takast i bruk, skal den vera ferdig opparbeid og ferdig merka med oppstillingsplassar.

2. Delar av parkering i uregulert område krev dispensasjon frå avstand frå fylkesveg-nærare enn 50 m.
3. Søknaden er ikkje signert av tiltakshavar.
4. Gjennomføringsplan er ikkje signert av sækjar og er ikkje påført versjonsnummer.
5. Det er ikkje opplyst areal for parkeringa, ikkje opplyst tal plassar i søknaden.
6. Situasjonsplan viser ikkje avstand til nabogrense frå parkering og frå fyllingsfot. Det skal sendast signert samtykkje frå nabo viss avstanden er under 1 m.

